Volda kommune

Rammeavtalen Vedlegg 4

Samla pris og prisvilkår

Graving, massetransport og trefelling

Arkivreferanse anskaffing:	26/1978
Leverandør:	[namn leverandør]

Volda kommune

Innhald

1. Innleiing 3
2. Vederlag 3
   2.1. Generelt 3
   2.2. Særleg om overtid 3
   2.3. Særleg for gravemaskiner 3
   2.4. Særleg om timepris for lastebil og traktor 3
   2.5. Særleg om Anleggsikring/inngjering 4
   2.6. Særleg om graveløyyve og kabelpåvising 4
   2.7. Særleg om felling av tre og annan vegetasjon 4
   2.8. Særleg om arbeid med asbest 4
3. Mønstring av maskinar og personell 4
   3.1. Fakturerbar timepris 4
   3.2. Transport til og frå arbeidsstad 5
   3.3. Reparasjon av innleigde maskiner og/eller utstyr 5
4. Vilkår for fakturering 5
5. Prisendringar 6
6. Forseinkingsrente 6
7. Betalingsmisleghald 6

1. Innleiing

Vedlegg 4 inneheld alle prisar og nærare vilkår for det vederlaget Kunden skal betale for Leverandørens ytingar.

Dette vedlegget er uttømmande, og inneheld alle prisar og prisvilkår for ytingar omfatta av Rammeavtalen. Det inneber at Leverandøren ikkje kan ta betalt for noko utover det som står i Vedlegg 4 med bilag, og at prisar inntatt i andre vedlegg til Rammeavtalen ikkje er gyldige.

2. Vederlag

2.1. Generelt

Leverandørens prisar følgjer av Vedlegg 4, Bilag 1 «*Prisskjema*».

Alle prisar er oppgitt i norske kroner, ekskl. mva., men inkludert toll og eventuelt andre utgifter. Prisane er komplette, dvs. at det ikkje tilkjem gebyr eller påslag utover det som er oppgitt.

Leverandør kan ikkje fakturere for tid som går med til eventuelle synfaringar som er nødvendige for at Leverandøren skal kunne gi eit tilbod/prisoverslag på eit planlagt oppdrag. Dette gjeld uavhengig av om det aktuelle tenesteoppdraget faktisk vert gjennomført eller ikkje.

2.2. Særleg om overtid

Overtidsbetaling reknast med utgangspunkt i timepris tilboden for mannskap (grunnarbeid ADK, grøftemann, trefelling) Bilag 1 «*Prisskjema*» tabell «*05 Prisar anna utstyr og tenester*». Dette gjeld for alt av Leverandørens personell.

For overtidsarbeid utført kvardagar mellom 06.00 og 08.00, samt mellom 16.00 og 21.00, gis det 50 % overtidstillegg.

For overtidsarbeid utført mellom 21.00 og 06.00 på kvardagar, og i helg på laurdagar og søndagar gis det 100 % overtidstillegg.

For overtidsarbeid utført helge- og høgtidsdagar og påskeaften, samt etter klokka 12.00 på pinse-, jul- og nyttårsaften og onsdag før skjærtorsdag, gis det 133 % overtidstillegg.

All overtid skal vere avtalt og forhandsgodkjent av Kunden. Leverandør kan ikkje fakturere for overtidsarbeid som ikkje er i tråd med dette.

2.3. Særleg for gravemaskiner

Timepris for gravemaskin skal inkludere vanleg utstyr som hurtigkopling, rotortilt, pakkeplate, klype (felling av tre), rippert, smal skuffe, pusseskuffe, tannskuffe, dyrkingsskuffe og liknande.

Timeprisen skal også inkludere bruk av godkjent komprimeringsutstyr for oppbygging av veg og grøft, for eksempel hoppetusse.

2.4. Særleg om timepris for lastebil og traktor

Timepris for leige av lastebil/tippbil og traktor med dumphengar, jf. Bilag 1 «*Prisskjema*» tabell «*05 Prisar anna utstyr og tenester*», gjeld også ved transport av masser.

Andre transportoppdrag kan vere henting og levering av kummar, røyrdelar og liknande hjå Kundens lager.

2.5. Særleg om Anleggsikring/inngjering

Meterpris for «*Anleggssikring/Inngjering, ink. leige av alt utstyr (lett sikring)*» i Bilag 1 «*Prisskjema*» tabell «*05 Prisar anna utstyr og tenester*» gjeld lett sikring med byggegjerder over ei periode på 7 dagar (ei veke). Dersom oppdraget varar lenger enn dette, kan Leverandøren krevje ei forholdsmessig justering i pris. For eksempel kan prisen doblast dersom oppdraget varer i 14 dagar (to veker).

Tung sikring som krev kranbil eller liknande skal ikkje inngå i prisen. Dette avtalast særskilt mellom partane dersom det vert relevant.

Leverandør kan ikkje fakturere for arbeidet knytt til å sette opp/fjerne/flytte byggjegjerdet og anleggssikringa, inkludert transport. Dette skal vere inkludert i meterprisen.

2.6. Særleg om graveløyyve og kabelpåvising

Stykkpris per anleggsstad for «*Graveløyve og kabelpåvising, ink. plan for arbeidsvarsling (og skilting)*» i Bilag 1 «*Prisskjema*» tabell «*05 Prisar anna utstyr og tenester*» gjeld tilfelle der Leverandør har tilstrekkeleg svarfrist. Dersom det tilkjem ekstrakostnadar frå ekstern netteigar ved akutte oppdrag, for eksempel Linja, kan Leverandør fakturere desse ekstrakostnadane til Kunden.

Leverandør kan berre fakturere for graveløyve dersom oppdraget krev søknad til Kunden.

Leverandør kan berre fakturere for kabelpåvising dersom Leverandøren faktisk har gjennomført kabelpåvising.

2.7. Særleg om felling av tre og annan vegetasjon

Ved oppdrag som gjeld felling av tre og annan vegetasjon som ikkje krev bruk av anleggsmaskin gjeld timepris for mannskap (grunnarbeid ADK, grøftemann, trefelling), jf. Bilag 1 «*Prisskjema*» tabell «*05 Prisar anna utstyr og tenester*».

Leverandøren kan fakturere 50 % av timeprisen for tid som går med til reise til/frå utføringsstaden. Dersom Leverandøren har personell som utførar arbeid nære staden for felling, skal Leverandøren så langt det let seg gjere nytte dette personellet.

Reisetid reknast frå avstanden til Volda rådhus, eller frå staden personellet reiser frå dersom denne ligg nærare.

Ved oppdrag som krev bruk av anleggsmaskin, for eksempel gravemaskin, gjeld prisane slik dei er oppgitt i Bilag 1 «*Prisskjema*» og punkt 3.2 under «*Transport til og frå arbeidsstad*».

2.8. Særleg om arbeid med asbest

Ved arbeid med asbest kan Leverandøren fakturere for faktiske meirkostnadar forbundet med arbeidet. Til dømes deponiavgift, eingongsutstyr, reins og vask, og liknande.

Leverandør skal dokumentere faktiske meirkostnadar.

3. Mønstring av maskinar og personell

3.1. Fakturerbar timepris

Leverandørens timeprisar for maskiner i Bilag 1 «*Prisskjema*» tabell «*01 Timeprisar gravemaskin*», tippbil/lastebil og traktor m/ dumphengar gjeld berre for tida maskina er i bruk med førar.

For timar der maskina står stille i normal arbeidstid (08.00 – 16.00) som skuldast Kunden, kan Leverandør fakturere 70 % av timeprisen (stillepris). Leverandør kan ikkje fakturere stillepris dersom stans skuldast Leverandøren sjølv. Stillepris skal avklarast med Kunden.

Det kan ikkje fakturerast for stillepris når det ikkje er aktiv drift på anlegget/folk på anleggsstaden, eller utanfor arbeidstid og i helger/helligdagar.

3.2. Transport til og frå arbeidsstad

Anleggsstad skal vere mønstringsplass for Leverandøren. Leverandør kan fakturere maks 1 maskinflytt per maskin tilboden i Bilag 1 «*Prisskjema*» tabell «*01 Timeprisar gravemaskin*», per oppdrag. Prisen for maskinflytt er 3.300,- for alle maskintypar.

For akutte oppdrag, jf. Vedlegg 2 punkt 2.3.2 *«Akutte oppdrag»*, kan Leverandøren fakturere for to maskinflytt per maskin.

Leverandør kan i tillegg fakturere 1000,- til saman per oppdrag for transport av mindre maskiner, slik som utstyr til asfaltsaging, godkjent komprimeringstutstyr for veg og grøft (hoppetusse).

Ved maskinflytt kan ikkje Leverandøren fakturere timeprisar i tillegg.

Leverandør kan ikkje fakturere Kunden for eventuell transport i samband med henting, utbytting eller erstatning av utstyr til/frå anleggsstaden. I tilfelle dette likevel vert gjort i arbeidstida, skal medgått tid trekkast frå ved oppgjer.

3.3. Reparasjon av innleigde maskiner og/eller utstyr

Tid til reparasjon av maskinar og utstyr skal ikkje fakturerast Kunden.

Dersom reparasjon av innleigde maskiner/utstyr ikkje kan ferdigstillast innan starten på neste arbeidsdag, skal anna tilsvarande utstyr kostnadsfritt vere på plass som erstatning for det som er til reparasjon.

4. Vilkår for fakturering

Fakturering skal skje etterskotsvis pr. månad. Fakturert beløp skal gjelde leveransar for den tida som er gått med fram til faktureringstidspunktet, og eventuell dekking av utgifter som har kome på i same tidsrom.

Betaling skal skje etter faktura per 30 (tretti) kalenderdagar. Leverandørens fakturaer skal spesifiserast og dokumenterast slik at dei kan kontrollerast av Kunden. Alle fakturaer skal som minimum innehalde følgjande informasjon:

- Organisasjonsnummer til Leverandør
- Spesifikasjon av moms
- Spesifikasjon av kostnadselement (kontraktsytingar) fakturaen inneheld, inkludert mengder/målebrev
- Oversikt over talet på timar det fakturerast for, inkludert timar anleggsmaskin er i bruk og timar maskin står stille

Faktura skal merkast med referansenummer (Volda kommune nyttar anten ansvarsnummer eller prosjektnummer som referansenummer). Aktuelle ansvarsnummer som skal stå på faktura er nedfelt i avropsskjemaet.

Faktura og eventuelle kreditnota skal leverast elektronisk slik at Kunden mottek dokument i samsvar med standarden «Elektronisk handelsformat» (EHF). Kundens adresse for mottak av elektronisk faktura er 939 760 946.

5. Prisendringar

Prisane kan endrast kvart årsskifte, tilsvarande aukinga i Statistisk sentralbyrås konsumprisindeks (hovudindeksen) med utgangspunkt i indeksen for den månad avtalen vart inngått.

Prisane kan også endrast i den utstrekning reglar eller vedtak for offentlege avgifter endrast med verknad for Leverandørens prisar eller kostnader.

Utover dette er prisane faste gjennom heile avtaleperioden.

6. Forseinkingsrente

Dersom Kunden ikkje betaler til avtalt tid, har Konsulenten krav på rente av det beløpet som er forfalle til betaling, i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m. (forseinkingsrentelova).

7. Betalingsmisleghald

Dersom forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter ikkje er betalt innan 30 (tretti) kalenderdagar frå forfall, kan Leverandøren sende skriftleg varsel til Kunden om at avtalen vil verte heva dersom oppgjer ikkje er skjedd innan 60 (seksti) kalenderdagar etter at varselet er mottatt.

Heving kan ikkje skje dersom Kunden gjer opp forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter innan utløpet av fristen.